



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for plan og næring
Møtestad	Quality Hotel, Florø
Møtedato	16.06.2009
Kl.	Kl 17:00 – 18:45

Faste medlemmer til stades:

Kjartan Longva A
Aud Kari Steinsland A
Jorunn Eide Kirketeig A
Jenny Følling Sp
Jarle Skartun Sp
Mathias Råheim H
Klaus Iversen V
Heidi Katrin Osland Sv
Svein Hansen Frp

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Ingen merknader til innkalling.

Møtebok frå 20.05.09 vart godkjend utan merknader.

Saker som vart handsama 17.06.2009

Sak 40/09 - Fylkeskommunen si uttale i samband med tildeling av oppdrettsløyver i 2009
Sak 43/09 - Fovaltningsreforma – Tildeling av statlege ressursar

SAK 38/09 Skriv og meldingar

- 1 Årdal kommune - Svar - Søknad på midlar til etableraropplæring.
- 2 Sogn Næring - Tilsegn om tilskot til felles etableraropplæring.
- 3 Stryn Næringshage - Tilsegn om tilskot til felles etableraropplæring i Nordfjord
- 4 Fjaler Næringsutvikling - Tilsegn om tilskot til felles etableraropplæring i Askvoll, Hyllestad og Fjaler.
- 5 Sunnfjord Næringsutvikling - Tilsegn om tilskot til felles etableraropplæring.
- 6 Statsbudsjettet - Kap. 551 post 60 og 61 tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling – rapport for året 2008.
- 7 Notat - Oversikt over forvaltarar av midlar frå kap. 551 60 som ikkje er offentleg heileigd – Sogn og Fjordane.
- 8 Saksprotokoll - Politisk representasjon i programstyra – fylkesplanprogramma.
- 9 Brev frå Kommunaldepartementet - Statsbudsjettet 2009 - kap 552 post 72 - Sogn og Fjordane fylkeskommune – Tilsagn inntil kr 250 000 til Agro business park frå den nasjonale samsamfunnssatsinga

Skriv framlagde i møtet:

Brev frå Leikanger kommune – Tillegg til søknad om tettstadmidlar
Pressemelding Fjord Noreg AS – Fjord Noreg vant kampen om Noregs største reiselivsprosjekt
Årsberetning Fjord Noreg AS 2008
Næringsbarometeret

SAK 39/09 Søknad om støtte til gjennomføring av Connect Vest aktivitet i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

Fylkesdirektøren rår til at CONNECT Vest-Norge får eit tilskot på kr 135 000 til gjennomføring av CONNECT Vest-aktivitetar i Sogn og Fjordane i 2009 i samsvar med prosjektplan. I 2009 vert det, som eit unntak, løyvd tilskot både frå Innovasjon Noreg og fylkeskommunen. Frå 2010 skal eventuelle søknader om finansiering av aktivitetar retta mot gründerar/vekstselskap stilast til Innovasjon Noreg aleine. Tilskotet vert dekka med disponible midlar på plan og næring sitt budsjett.

SAK 40/09 Fylkeskommunen si uttale i samband med tildeling av oppdrettsløyver i 2009

Frå fylkesdirektøren lág det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

- 1 Fylkeskommunen vil ikkje å gje ei vurdering og prioritering av kvar einskild søkjar i høve til kriteria som er lista opp, men ynskjer å halde fram dei næringspolitiske vurderingane basert på Fylkesplanen 2005-2010. Fylkeskommunen ber Fiskeridirektoratet Region Vest å nytte følgjande kriterium under vurderinga av søkjarane.
- 2 Fylkeskommunen ynskjer at *lokalt eigarskap* vert prioritert høgt. Dette er med på å sikre lokalt eigarskap og lokal forankring, noko vi ser på som viktig for å bygge vidare på næringa her i fylket.
- 3 Det "å leggja til rette for auka bearbeiding for å sikre økonomisk integrasjon i kystdistrikta" er svært viktig for Sogn og Fjordane. Dette følgjer opp Fylkesplanen sin fokus på *innovasjon og nisjetenking*. Dess større grad av bearbeiding/vidareutvikling av nisjeprodukt som finn stad innan fylket sine grenser, dess høgare bør søkjaren rangerast i konkurransen om løyve. I denne samanhengen vil økologisk produsert laks vere å rekne for nisjeprodukt.
- 4 Fylkesplanen legg vekt på *utvikling i bærekraftig retning*. Såleis er det å fremme ein god struktur i næringa for å nedkjempe sjukdomen PD (i samsvar med forslag og tiltak i "Generalplan for bekjempelse av Pancreas Disease (PD) for havbruksnæringa på Vestlandet") eit viktig grunnlag for vidare økologisk og økonomisk bærekraft for havbruksnæringa i fylket. Omstilling til drift i minimum to smittehygieniske område krev eit minimum tal konsesjonar, noko som må leggjast vekt på ved rangeringa av søkjarane.
- 5 Etableringa av fleire nasjonale laksefjordar innan fylket sine grenser, gjer at ein innanfor mange geografiske område må satse på andre artar ann laks og aure. Det er viktig at den erfaringa som no er opparbeidd gjennom mange år her i fylket med t.d. oppdrett av torsk, der vi ligg langt framme nasjonalt/internasjonalt, ikkje går tapt i desse økonomiske nedgangstidene. Fylkeskommunen ber difor Fiskeridirektoratet om å vurdere aktørar som treng fleire bein å stå på ved innstilling av søkjarar til dei fem løyva.
- 6 Det er viktig at Fiskeridirektoratet region Vest, ved rangering av søkjarane, har ein god og tett dialog med det regionkontoret som skal tildele dei nasjonale økologiske løyva. Dette er viktig for å koordinere vurderingane.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga frå fylkesdirektøren.

- 2 Fylkeskommunen ynskjer at *lokalt eigarskap* vert prioritert høgt. Dette er med på å sikre lokalt eigarskap og lokal forankring, noko vi ser på som viktig for å bygge vidare på næringa her i fylket, og sikre næringsutvikling i eigna næringssvake område i fylket.

Avrøysting:

Senterpartiet sitt framlegg til punkt 2 vart samrøystes vedteke. Ingen røysta for tilrådinga frå fylkesdirektøren.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

- 1 Fylkeskommunen vil ikkje å gje ei vurdering og prioritering av kvar einskild søkjar i høve til kriteria som er lista opp, men ynskjer å halde fram dei næringspolitiske vurderingane basert på Fylkesplanen 2005-2010. Fylkeskommunen ber Fiskeridirektoratet Region Vest å nytte følgjande kriterium under vurderinga av søkjarane.
- 2 Fylkeskommunen ynskjer at *lokalt eigarskap* vert prioritert høgt. Dette er med på å sikre lokalt eigarskap og lokal forankring, noko vi ser på som viktig for å bygge vidare på næringa her i fylket, og sikre næringsutvikling i eigna næringssvake område i fylket.
- 3 Det "å leggja til rette for auka bearbeiding for å sikre økonomisk integrasjon i kystdistrikta" er svært viktig for Sogn og Fjordane. Dette følgjer opp Fylkesplanen sin fokus på *innovasjon og nisjetenking*. Dess større grad av bearbeiding/vidareutvikling av nisjeprodukt som finn stad innan fylket sine grenser, dess høgare bør søkjaren rangerast i konkurransen om løyve. I denne samanhengen vil økologisk produsert laks vere å rekne for nisjeprodukt.
- 4 Fylkesplanen legg vekt på *utvikling i bærekraftig retning*. Såleis er det å fremme ein god struktur i næringa for å nedkjempe sjukdomen PD (i samsvar med forslag og tiltak i "Generalplan for bekjempelse av Pancreas Disease (PD) for havbruksnæringa på Vestlandet") eit viktig grunnlag for vidare økologisk og økonomisk bærekraft for havbruksnæringa i fylket. Omstilling til drift i minimum to smittehygieniske område krev eit minimum tal konsesjonar, noko som må leggjast vekt på ved rangeringa av søkjarane.
- 5 Etableringa av fleire nasjonale laksefjordar innan fylket sine grenser, gjer at ein innanfor mange geografiske område må satse på andre artar ann laks og aure. Det er viktig at den erfaringa som no er opparbeidd gjennom mange år her i fylket med t.d. oppdrett av torsk, der vi ligg langt framme nasjonalt/internasjonalt, ikkje går tapt i desse økonomiske nedgangstidene. Fylkeskommunen ber difor Fiskeridirektoratet om å vurdere aktørar som treng fleire bein å stå på ved innstilling av søkjarar til dei fem løyva.
- 6 Det er viktig at Fiskeridirektoratet region Vest, ved rangering av søkjarane, har ein god og tett dialog med det regionkontoret som skal tildele dei nasjonale økologiske løyva. Dette er viktig for å koordinere vurderingane.

SAK 41/09

Budsjett 2010 / Økonomiplan 2010-2013 - Strategi plan og næring

VEDTAK:

Dei skisserte strategiane vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2010 -

økonomiplan 2010-2013.

SAK 42/09 Tildeling av tettstadmidlar - 2009

VEDTAK:

Avsette midlar (5,1 mill) til tettstadforming vert tildelt slik:

- 1 Stryn kommune – fullføring av miljø –og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum. Fullføring av torgarealet og ”tunområdet” langs den ”gamle” fylkesvegen mot Moldreim, kr. 200.000.
- 2 Hornindal kommune – vidareutvikle eksisterande stadanalyse for Grodås sentrum, kr. 80.000.
- 3 Bremanger kommune – opprusting og utvikling av Svelgen sentrum, delprosjekt mellom Svelgen Hotell og Coop, kr. 478.000.
- 4 Førde kommune – opprusting og tilrettelegging av byparken, kr. 500.000.
- 5 Luster kommune – stadanalyse Gaupne, kr. 200.000.
- 6 Sogndal kommune – opparbeiding av sentrumsparken i Sogndal, kr. 1.142.000.
- 7 Leikanger kommune – opprusting og utbetring av sentrumsnære areal i Leikanger – uteplassen mellom riksvegen, Henjaelvi, og Fleirbrukshallen så langt den strekker seg mot nord, kr. 800.000.
- 8 Balestrand kommune – opparbeiding av gangveg i – og til parken i sentrum, kr. 200.000.
- 9 Vik kommune – ”Vikøyri strandpark” – utvikle strandsona på Vikøyri, kr. 500.000.
- 10 Gulen kommune – Utvikling av Eivindvik sentrum – næringsområdet med butikk, ekspedisjonskai og hotellet – oppgradering av sjøfronten og gjere denne tilgjengeleg for ålmenta, kr 1.000.000.

SAK 43/09 Forvaltningsreforma - Tildeling av statlege ressursar

VEDTAK:

Hovudutval for plan og næring har merka seg at dei tildelte ressursane frå statleg hald i samband med forvaltningsreforma ikkje gjenspeglar kystfylka sin aktivitet innan marin sektor.

Administrasjonen vert oppmoda om å ta dette opp med Kommunal og regionaldepartementet, eventuelt gjennom å støtte Møre og Romsdal fylke sitt brev av 11. juni 2009 til Kommunal- og regionaldepartementet.
